


# Giske kommune

## Historisk og framtidsretta

NATURRESERVAT OG NATURVERN-OMRÅDE I GISKE KOMMUNE, 2020



<https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/MAKartWeb/KlientFull.htm?lang=no&extent=43103|6944559|62143|6966139&basemap=KART&opacity=70>

Kartet viser naturreservat og verneområde i Giske kommune. Desse har bestemte verneregler som er bestemt i eigen forskrift. Nedanfor står utdrag av forskriftene med lenke til heile forskrifta.

Vi ber dei som vil bruke områda setje seg inn i forskriftene, samt **regelverk for ferdsel i inn- og utmark** <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/friluftsliv/allemannsretten/ofte-stilte-spørsmål-om-allemannsretten/>, for å minske skadeverknader av desse sårbare områda.

# Innhold

<b>NATURRESERVAT OG NATURVERN-OMRÅDE I GISKE KOMMUNE, 2020 .....</b>	<b>1</b>
Forskrift om vern av Roaldsand fuglefredingsområde .....	3
Forskrift om vern av Blindheimsvik fuglefredingsområde .....	4
Forskrift om vern av Rørvikvatnet naturreservat .....	4
Forskrift om vern av Blindheimsvik fuglefredingsområde .....	5
Forskrift om vern av Synesvågen naturreservat .....	5
Forskrift om vern av Langholmen naturreservat .....	6
Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Erkna naturresevrat .....	6
Forskrift om vern av Giske fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfreding.....	6
Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Sætredalen naturresevrat .....	7
<b>PARKERING.....</b>	<b>8</b>
Parkering til turstiar Vigra.....	8
Parkering til turstiar Giske .....	9
Parkering til turstiar Godøya .....	10
Parkering til turstiar Valderøya.....	11

## Forskrift om verneplan, freding av Molnes naturreservat

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2002-11-08-1237>

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegrar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømming av avfall, gjødsling, kalkning og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegrar er forbode.

## Forskrift om vern av Rørvikvågen fuglefredingsområde, Giske kommune, Møre og Romsdal.

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-394>

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.
2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate. Elles gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmiddel.
- Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorisert ferdsel er forbode, jf pkt. V.

## Forskrift om vern av Roaldsand fuglefredingsområde

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-392>

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.
2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i

fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikke tillate. Elles gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.

3. Det må ikke iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikke fullstendig.

4. Motorisert ferdsel er forbode, jf pkt. V.

## Forskrift om vern av Blindheimsvik fuglefredingsområde

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-391>

For fuglefredingsområdet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.

2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikke tillate. Elles gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.

3. Det må ikke iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikke fullstendig.

4. Motorisert ferdsel er forbode, jf pkt. V.

## Forskrift om vern av Rørvikvatnet naturreservat

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-393>

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikke innførast.

2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikke sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikke tillate.

3. Det må ikke iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikke fullstendig.

4. Motorisert ferdsel er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

I tida frå og med 1. april til og med 31. august er all ferdsel i reservatet forbode.

## Forskrift om vern av Blindheimsvik fuglefredingsområde

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-391>

For fuglefredingsområdet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.

2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate. Elles gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel er forbode, jf pkt. V.

## Forskrift om vern av Synesvågen naturreservat

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-395>

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

## Forskrift om vern av Langholmen naturreservat

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2010-05-28-859>

I naturreservatet må ingen gjøre noko som forringar verneverdiane som er angitt i verneformålet.

For naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

1. All vegetasjon på land og i vatn (inkludert tang og tare) er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing av trær og anna vegetasjon er forbode.
2. Dyrelivet, inkludert reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Hundar skal holdast i band. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilføringar av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalkning eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

## Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Erkna naturreservat

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2010-05-28-858>

I naturreservatet må ingen gjøre noko som forringar verneverdiane som er angitt i verneformålet.

For naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

1. All vegetasjon på land og i vatn (inkludert tang og tare) er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing av trær og anna vegetasjon er forbode.
2. Dyrelivet, inkludert reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Hundar skal holdast i band. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilføringar av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalkning eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

## Forskrift om vern av Giske fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfreding

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1988-05-27-390>

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.

2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikke tillate. Elles gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.

3. Det må ikke iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikke fullstendig.

4. For området med dyrelivsfreding gjeld følgjande forskrift, jf V, 7 og 8 og VI, 1 og 2:

Alle fugle- og pattedyrartar, også fuglereir, egg og ungar er freda mot jakt og fangst, skade og øydelegging av alle slag.

## Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Sætredalen naturreservat

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2010-05-28-861>

I naturreservatet må ingen gjere noko som forringar verneverdiane som er angitt i verneformålet.

For naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

1. All vegetasjon er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikke innførast. Planting eller sång av trær og anna vegetasjon er forbode.

2. Dyrelivet, inkludert reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Hundar skal holdast i band. Utsetjing av dyr er forbode.

3. Det må ikke setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, bortsetting av brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikke uttømmande.

## PARKERING

## Parkering til turstiar Viga



Parkeringsplassar til turstiar Vigra

Dato: 27.03.2020

Målestokk:  
1:30000


Koordinatssystem: UTM 33N

© 2020 Norkart AS/Geovest og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

# Parkering til turstiar Giske



# Parkeringsplassar til turstiar Godøya



Norges  
geoværk

Parkeringsplassar til turstiar Godøya  
Dato: 27.03.2020

Målestokk: 1:15 000  
Koordinatsystem: UTM 33N

## Parkering til turstiar Valderøya

